

Forslag til korleis du som forelder ber om tiltak

Til rektor ved skule

dato:

Tiltak for eit betre psykososialt miljø

Bakgrunn for kvifor eg ber om tiltak

Du må først seie noko om kvifor du ber om tiltak. Kva har skjedd?

.....
.....
.....
.....

Tiltak

Du treng ikkje foreslå tiltak. Dersom du har forslag til korleis skulemiljøet kan bli betre for barnet ditt, skriv du kva du meiner skulen bør gjere. Du kan også skrive om tiltaka gjeld for ein enkelt elev eller for ei gruppe elevar.

.....
.....
.....
.....

Eg ber skulen gjere eit vedtak så snart som mogleg.

Kva seier lova?

Opplæringslova § 9a-1 gir alle elevar ein individuell rett til eit godt psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal syte for at det psykososiale miljøet fører til at eleven føler tryggleik og sosialt tilhør. Dette følgjer av opplæringslova § 9a-3 første ledd.

Eleven si eiga oppfatning av det psykososiale miljøet avgjer om eleven sin rett er oppfylt eller ikkje. Skulen har plikt til å oppfylle eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø. Rektor har ansvaret for den daglege oppfølginga av dette.

Helsing